

Reguleringsplanar Skånevik, del 1 og 2, 1992-93, spesialområde for bevaring S1-S19 har desse reglane:

Bygg og anlegg som skal vernast

24. *Områda S1-S19 er avsett til spesialområde for bygningar som på grunn av kulturhistorisk verdi skal vernast*
25. *Eksisterande bygningar i områda skal takast vare på og vert berre tillate påbygd, ombygd eller modernisert dersom eksteriøret vert halde uendra eller ført tilbake til ein meir opprinneleg utsjånad.*
26. *Alle bygningsarbeid nemnt i plan- og bygningslova paragraf 93 skal leggjast fram for fylkeskonservatoren før byggeløyve ver gjeve.*

Reguleringsplanar del 3 i Skånevik - spesialområde for bevaring S19-S22 (hvv. bedehuset, prestebustaden bustad på 131/143 og Solvang/Galleri Jespersen):

Frå føresegner til reguleringsplan Etnesjøen R-(2004):

Punkt 1-2 gjeld Sæbøtunet. Punkt 3 viser til Børretzen-huset og posthuset på hhv. 10/2 og 10/8, S-2 er lensmannshuset/Rik-Erik sitt hus på 9/15.

Spesialområde

1. *Område S-1 skal nyttast til Sæbøtunet og museumsdrift knytt til dette.*
2. *Det er opna for nye bygningar til museumsføremål i område S-1. Dei skal ha saltak.*
3. *Område S-2 og S3 er avsett til spesialområde, der bygningane på grunn av kulturhistorisk verdi skal vernast. Bygningane kan tillatast bygd om og modernisert, under føresetnad av at eksteriøret vert verna eller ført attende til meir opphavlege preg. Bruksendring kan tillatast når dette etter det fast utvalet for plansaker sitt skjøn, kan tilpassast miljøet. Alle byggearbeid nemnt i Plan- og bygningslova § 93 skal sendast Fylkeskonservatoren til uttale før byggeløyve vert gjeve.*

Reguleringsføresegner Markhushamn, R-35 1992:

Område for bevaring

- § 6 *Bygningar innan området skal nyttast til bustadføremål, men kan også gi rom for nærbutikk, service, håndverk, uthus, feriebustad og anna føremål som etter bygningsrådet sitt skjøn er naturleg knyta til staden.*
- § 7 *Påbygg og utbetringar kan gjerast. Like eins kan nybygg tillatast. Høgda skal ikkje overstiga 2 etasjar + loft som kan innreiast. Saltak skal nyttast. Høgda til gesims skal ikkje vera større enn 4,5 m frå dei høgst delane av terrenget som støyter inntil bygningane. Ved fortetting i området, skal det liggja føre ein godkjent bebyggelsesplan.*
- § 8 *Bygningsområdet skal sjå til at fasadar, vindusdeling, synlege materialar, utnytting, storleik på bygga og fargebruk harmonerer med byggeskikken i området.*